



Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre

Møtestad: Voss, Park Hotel Vossevangen

Dato: 27.02.2024

Tidspunkt: 12:00 - 15:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Benedicte Kragh	Medlem	Voss herad
Geir Helge Østerbø	Medlem	Høyanger kommune
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Trude Brosvik	Alexander Fosse Andersen	Vestland fylkeskommune

Merknader:

Andre deltakarar:

- Kari Mostad, Voss Herad.
- Kristoffer Ullern Hansen, SNO.

Andre frammøtte:

Namn	
Anbjørg Nornes	verneområdeforvaltar / sekretær
Maria Baudonnel Underdal	verneområdeforvaltar / sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Marta Sofie Vange

Geir Helge Østerbø

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/24	Stølsheimen verneområdestyre - konstituering - styreperioden 2024 - 2027		2024/2160
ST 3/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 4/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 1/24	Konkurransedokument - Stølsheimen landskapsvernområde - skjøtselsarbeid i kulturlandskapet 2024 - 2027		2023/18310
RS 2/24	Konkurransedokument - Stølsheimen landskapsvernområde - istandsetting av murar i Galden - buføresti mellom Ålrek og Vøvringen		2023/18311
RS 3/24	Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane - 21 landskap inngår i oversikten sendt fra Riksantikvaren		2022/11611
RS 4/24	Tilbakemelding - Renovasjonsordning - veglause grender i og nær Stølsheimen landskapsvernområde		2022/575
RS 5/24	Stølsheimen landskapsvernområde - Veileder om oppfølging av ulovlige forhold i verneområder		2024/2633
RS 6/24	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon for motorferdsel - trakkemaskin på snø - bygging - drive kraftledning 420 kV kabel - Refsdal-Modalen		2023/6438
ST 5/24	Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2024		2023/16900
ST 6/24	Stølsheimen landskapsvernområde - Brydalen - istandsetting av stølshus - Høyanger - gnr.4 bnr.4		2024/1979
ST 7/24	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - snøskuter - beltevogn - drone - Etlavatnet m.fl. - Seafood tv as		2024/285
ST 8/24	Saksframlegg - Stølsheimen verneområdestyre - møteplan 2024		2023/16607
ST 9/24	Stølsheimen landskapsvernområde - motorisert ferdsel - kjentmannstur - Vik Røde Kors Hjelpkorps, 2024 - 2027		2023/5066

ST 1/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Innkallinga vart godkjend og styret valde å ta inn saka om motorferdsel i samband med kjentmannstur frå Vik Røde Kors, dette vart sak nr. ST 9/24.

Vedtak

Godkjendtt innkalling og dagsorden. Sak nr. ST 9/24 vart lagt til i sakslista.

ST 2/24 Stølsheimen verneområdestyre - konstituering - styreperioden 2024 - 2027

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Forvaltar skriv sak om delegasjonsmynde til neste møte.

Styret valde leiar og nestleiar jamfør vedtektene. Det kom framlegg om Marta Sofie Vange som leiar og Liv-Anne Aanesen som nestleiar. Valde med akklamasjon.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre vert konstituert med val av leiar og nestleiar, i medhald av punkt 2 i gjeldande vedtekter av 19.01.2024. Følgjande er valde for styreperioden 2024 - 2027:

Leiar: Marta Sofie Vange
Nestleiar: Liv-Anne Aanesen

ST 3/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Geir Helge Østerbø vart valt til å skrive under protokoll saman med styreleiar.

Vedtak

Geir Helge Østerbø skriv under møteprotokoll.

ST 4/24 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Styret lurar på om Vaksdal kan ha lyst til å vera med i styret? Marta tek kontakt med ordførar i Vaksdal, med spørsmål om dei har vurdert å delta. Det er miljødirektoratet som avgjer om styret kan utvidast. Vaksdal må i så fall sender søknad til Miljødirektoratet. Forvaltar undersøker saka med miljødirektoratet og gir Marta tilbakemelding.

Styret ynskjer ikkje automatisk vedlegg til RS og DS saker i innkallinga, dei ber om vedlegga ved behov.

Vedtak

Referatsaker og delegert sak vart tatt til orientering.

ST 5/24 Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2024

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Punktet "restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet" er redusert etter innkallinga vart sendt ut. Tilbodet var rimeligare enn budsjettet den 20.11.23. Ny sum på denne posten vert derfor 258 000 kr, da har ein også tatt med nokre utgifter til tilsyn og reise.

Det som vart spart vedtok styret å brukt til å auke opp att der ein hadde kutta, altså på postane om infallsportar i Modalen og Vaksdal.

Etter desse justeringane vart saka vedtatt i samsvar med innstilling.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidler for 2024 etter fylgjande tiltaksplan:

Tiltaksplan for Stølsheimen 2024	20.11.2023	27.02.2024
Kort omtale av tiltak	Revb.budsjett	Rev. budsjett
Framande tresalg		
Fossesete - rydde granfelt, dokumentera kva som skjer etter hogsten. Fjerne smågran i nærrområde	20 000	20 000
Framande artar klasespirea Vetlestraumen - fjerna	5 000	5 000

Hogst av felt ved stien, under Fossesete (midlar Vik kommune)	60 000	60 000
Sum framande slag	85 000	85 000
Skjøtsel av kulturlandskap		
Administrasjon, prosjektleiar	30 000	30 000
Sylvarnesdalen - slått og Hansinaselbøen	10 000	10 000
Negardstølen - rydde oppslag av krattskog + tistel	10 000	10 000
Rotteskaret - fjerna sølvbuketuer	20 000	20 000
Botnastølen, Finnabotnen	10 000	10 000
Storeflåten, Finnabotnen	10 000	10 000
Granden	10 000	10 000
Ytsteflåten	10 000	10 000
Hest, rydde enkelte sprakebusker	15 000	15 000
Brydalen, 6. dagsverk	30 000	30 000
Åsedalen, god vekst av sølvbunke	2 000	2 000
Hallsetstølen, mindre problem med sølvbunke	3 000	3 000
Dunevollen, fjerna kratt	10 000	10 000
Vøvringen, fjerna kratt	10 000	10 000
Mørkves-Grøndalen, tilsyn	2 000	2 000
Finnbuene, tilsyn	2 000	2 000
Rappen, tilsyn	2 000	2 000
Hestfjellet, tilsyn	2 000	2 000
Raudbergdalen, tilsyn	2 000	2 000
Skjervheims-Grøndalen, tilsyn	2 000	2 000
Sum skjøtsel kulturlandskap	192 000	192 000
Skjøtsel av stølsvegar og stiar		
Restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	400 000	258 000
Restaurering av sti til Åsehidleren	15 000	15 000
Utbetring av sti i Sendedalen med legging av stein i våte parti	10 000	10 000
Restaurering av gamal sti i Sylvarnesdalen	10 000	10 000
Restaurering av mur og vedlikehald av stien mellom Finnabotnen og Fagerdalen	30 000	30 000
Sum skjøtsel stølsvegar og stiar	465 000	465 000
Informasjonstiltak		
Vik kommune: Reparasjon Gryteberg. Opplysningsskilt i Finnabotnen.	60 000	60 000
Vik kommune: Parkeringsplass Tenne	50 000	50 000
Innfallsport Modalen kommune	259 000	189 250
Innfallsport Vaksdal kommune	227 000	189 250
Sum informasjonstiltak	596 000	346 500
SUM	1 338 000	1 088 500

Midlar 2024		
Tildelte tiltaksmidlar feb. 24		850 000
Tildelt grunnstøtte til drift (ny) feb. 24		75 000
Midlar som står i Vik kommune (originalt til hogst)		163 500

Sum tilgjengelege midlar		1 088 500
--------------------------	--	------------------

Balanse		0
---------	--	---

Raudt = Senka/fjerna midlar.

Uttheva i blått = dekt heilt eller delvis av grunnstøtta.

Uttheva i grønt = dekt heilt eller delvis av midlar som står i Vik kommune

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjettramma

ST 6/24 Stølsheimen landskapsvernområde - Brydalen - istandsetting av stølshus - Høyanger - gnr.4 bnr.4

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Silje og Fredrik Knutssøn løyve til å setja i stand stølshuset til gnr.4 bnr.4 i Brydalen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 3.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Stølshuset skal setjast i stand ved å restaurera gamle murar og byggja opp att ny trebygning inni murane.
- Det kan setjast inn trelemmar for opninga i muren i sørveggen.
- Vindauga og dør kan skiftast ut med same utforming og storleik som vindauga og dør som er i bygget i dag. Det skal ikkje setjast inn fleire vindaug i bygget.
- På taket skal det vera torvtak. Torv skal hentast frå utkanten av stølsbøen. Det skal ikkje takast torv frå myrområde.
- Endeleg plan for istandsetting av murane og bygget skal sendast til Stølsheimen verneområdestyre for godkjenning før arbeidet kan starta. I byggeplanen skal det vera med teikningar som viser ytre mål på bygget. Det skal vere med beskriving av korleis murarbeidet og trearbeidet skal utførast.
- Til vurdering av murane skal det nyttast fagperson med kompetanse på istandsetting av eldre murar. Vurdering av tilstand og omfang av arbeidet med murane vil vera rettleiande for istandsetting av stølshuset.
- Løyvet til tiltaket er gyldig til 31.12.2026. Det må søkjast om nytt løyve dersom arbeidet ikkje er starta opp innan denne datoen.

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta.

ST 7/24 Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - snøskuter - beltevogn - drone - Etlavatnet m.fl. - Seafood tv as

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Benedicte Kragh stilte spørsmål til styret om ho er inhabil i saka. Ho jobbar i Visit Voss, som er kontaktbedrift for søkjar.

Styret vedtok samrøystes at Benedicte Kragh er inhabil i saka.

Vedtak i samsvar med innstilling, med 3 røyster for og 1 røyst mot.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre avslår Seefood TV AS sin søknad om motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV, nr. 4 og naturmangfaldslova § 48.

ST 8/24 Saksframlegg - Stølsheimen verneområdestyre - møteplan 2024

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling. Med endring av to-dagars-tur som vart flytta til 20 og 21. august.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2024 for å handsame saker i verneområdestyret, og fylgje opp tiltak i forvaltningsplan og besøksstrategi.

Styret tek sikte på følgjande årshjul:

- 27. februar: Styremøte med revidering av tiltaksplan for 2024.
- 3. - 4. april: Konferanse for alle verneområdestyra i Vestland, og styremøte siste dagen.
- 21. mai: Styremøte teams.
- 20. - 21. august: Styremøte med dialogmøte og synfaring til Fossesete og Rosete med rådgjevande utval. Overnatting på Vatnane.

- 11. november: Styremøte med planlegging av året som kjem.

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Styret kan avgjera om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

ST 9/24 Stølsheimen landskapsvernområde - motorisert ferdsl - kjentmannstur - Vik Røde Kors Hjelpekorps, 2024 - 2027

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2024

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Vik Røde Kors Hjelpekorps løyve til kjentmannstur i Stølsheimen landskapsvernområde i samsvar med godkjent øvingsplan. Løyvet gjeld i perioden frå veke 7 til 1. april i åra frå og med 2024 til og med 2027. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det kan køyrast 2 turar med inntil 4 snøskutrar i området Skjelingen – Kvilesteinsvatnet – Rappen – Åsedalen - Selhamar – Skjelingen. Det skal ikkje køyrast etter fredagen i palmehelga det enkelte året.
- Omfanget av snøskuterkøyning skal avgrensast til ruta som er godkjent, og i samsvar med øvingsplanen. Køyninga og tal snøskutrar skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Under køyning skal det takast generelle omsyn til andre interesser og naturverdiar i området. Dersom det er villrein i området under køyning, må det takast særskilt omsyn for ikkje å uroa dyra. Køyninga må om naudsynt stoppast, eller om mogleg skal det køyrast ei rute utanom villreinflakken.
- Det sendast rapport til Stølsheimen verneområdestyre med informasjon om tal turar og dato, tal snøskuterar og køyrerute innan 1. mai kvart år i løyveperioden.
- Forvaltinga ber om at eventuelle observasjonar av villrein vert teke med i rapporten.